



**Utvalg:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Formannskapssalen, Bømlo rådhus  
**Dato:** 07.02.2019  
**Tidspunkt:** 10.00 - 12.00

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Sonja Hellen Sele	Leiar	H
Lene Borgen Waage	Nestleiar	AP
Oddvar Pedersen	Medlem	KRF
Øyvind Schumann Larssen	Medlem	H

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Martin Lønning	Medlem	PDK

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

**Merknader**

Martin Lønning meldte forfall grunna sjukdom kort tid før møte.

**Andre som møte:**

Navn	Stilling
Else Holst-Larsen	Partner, Deloitte
Line Johansen	Senior manager, Deloitte
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Hordaland fylkeskommune

Sonja Hellen Sele  
utvalsleiar

Helge Inge Johansen  
utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 3/19	Forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktningar - revisjonsrapport		2018/30
PS 4/19	Deloitte presenterar interimrevisjonsrapport for 2018		2015/71
PS 5/19	Årsmelding 2018 for kontrollutvalet		2015/78
PS 6/19	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/73
PS 7/19	Møteplan 2019 for kontrollutvalet		2015/74
PS 8/19	Referatsaker		
RS 1/19	Medlemsinfo frå FKT - protokoll styremøte 14.12.18		2016/23
PS 9/19	Eventuelt		

### PS 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 07.02.2019

##### Handsaming i møtet:

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

##### Vedtak:

Forslag til innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

### PS 2/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

#### Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 07.02.2019

##### Handsaming i møtet:

Det framkom ikkje merknadar til protokoll frå møte 18.10.2018

##### Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 18.10.2018 vart samrøystes vedteke.

## **PS 3/19 Forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktingar - revisjonsrapport**

### **Forslag til innstilling/**

Kommunestyret ber om at rådmannen:

1. Formaliserer og systematiserer arbeidet med burettleing og rettleing i bustadkarriere ytterlegare gjennom kommunale planar og rutinar
2. Sikrar at det blir gjort ei konkret vurdering av behovet for grunnleggjande kvalifisering før tildeling av introduksjonsprogram, og at vurderinga blir dokumentert
3. Sikrar at det innan tre månader etter busetting eller etter at krav om deltaking i introduksjonsprogrammet blir framsett, føreligg ein individuell plan som stettar minstekrava i lova
4. Sikrar at vurderingar som er gjort i samband med utarbeiding og evaluering av individuell plan i større grad blir dokumentert, slik at både samanhengar mellom mål og tiltak, og status for gjennomføring og måloppnåing blir tydeleggjort, samt at det i større grad blir tydeleggjort at deltakaren har bidratt i utarbeiding og evaluering av individuell plan
5. Sørgjer for at arbeidet med å sikre tilstrekkeleg kompetanse innan arbeid med flyktingar og integrering blir synleggjort i kompetanseplanar
6. Lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.04.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 07.02.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Deloitte ved Line Johansen presenterte revisjonsrapporten og funna i denne, og svarte på spørsmål frå utvalet.

Kontrollutvalet registerar at det er ein del usemje mellom rådmann og revisjonen på fleire område.

Kontrollutvalet ønskjer at Deloitte presenterer revisjonsrapporten for kommunestyret. Sekretariatet får i oppgåve og avklare dette med ordførar.

Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem til neste møte og orienterer om kvifor stillinga som ressurskoordinator (NAV) ikkje er vidareført, og korleis kommunen no løyser dei oppgåvene som ressurskoordinator utførte.

Kontrollutvalet takker for ein god og viktig forvaltningsrevisjonsrapport.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling:**

Kommunestyret ber om at rådmannen:

1. Formaliserer og systematiserer arbeidet med burettleing og rettleing i bustadkarriere ytterlegare gjennom kommunale planar og rutinar
2. Sikrar at det blir gjort ei konkret vurdering av behovet for grunnleggjande kvalifisering før tildeling av introduksjonsprogram, og at vurderinga blir dokumentert
3. Sikrar at det innan tre månader etter busetting eller etter at krav om deltaking i introduksjonsprogrammet blir framsett, føreligg ein individuell plan som stettar minstekrava i lova
4. Sikrar at vurderingar som er gjort i samband med utarbeiding og evaluering av individuell plan i større grad blir dokumentert, slik at både samanhengar mellom mål og tiltak, og status for gjennomføring og måloppnåing blir tydeleggjort, samt at det i større grad blir tydeleggjort at

- deltakaren har bidratt i utarbeiding og evaluering av individuell pla
5. Sørgjer for at arbeidet med å sikre tilstrekkeleg kompetanse innan arbeid med flyktningar og integrering blir synleggjort i kompetanseplanar
  6. Lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.04.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga

## **PS 4/19 Deloitte presenterar interimrevisjonsrapport for 2018**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2018 frå Deloitte AS til orientering.

## **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 07.02.2019**

### **Handsaming i møtet:**

Deloitte ved Else Holst-Larsen oppsummerte interimrevisjonen for kontrollutvalet. Det er ikkje avdekka noko spesielt under interimrevisjonen i år.

Kommunen overtok i fjor rekneskapsføringa for Kulturhuset. Revisor registrerar at dette har medført betre kvalitet i rekneskapsføringa.

Kontrollutvalet takkar for orienteringa om interimrevisjonen.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2018 frå Deloitte AS til orientering.

## **PS 5/19 Årsmelding 2018 for kontrollutvalet**

### **Forslag til innstilling**

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2018 for kontrollutvalet i Bømlo kommune.

## **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 07.02.2019**

### **Handsaming i møtet:**

Det kom ikkje fram noko spesielt under denne saka.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling:**

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2018 for kontrollutvalet i Bømlo kommune.

## PS 6/19 Gjennomgang av møteprotokollar

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering

## Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 07.02.2019

### Handsaming i møtet:

Etter gjennomgang av møteprotokollane vart utvalet einige om at ein ønskjer orientering frå rådmannen om desse sakene til neste møte:

Byggesøknad Brandasund. Bakgrunn for avslag på byggesøknad. Det vert vist til vedtak i utval for areal og samferdsel PS 16/2019, møte 30.01.2019

Vei til Gåsland Gravplass. Bakgrunn for kvifor denne ikkje er kommunal lenger.

Gjennomgangen av møteprotokollane for utval areal og samferdsel vart utset til neste møte, grunna at Martin Lønning var sjuk og måtte melde avbod til møtet.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

### Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem til neste møte og orienterer gjeldande byggesøknad Selsøy og vei til Gåsland Gravplass.
2. Møteprotokollane for utval areal og samferdsel vart utset til neste møte, dei andre møteprotokollane vart tekne til orientering.

## PS 7/19 Møteplan 2019 for kontrollutvalet

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2019:

Dato:
04.04.2019
09.05.2019
17.10.2019
05.12.2019

## Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 07.02.2019

**Handsaming i møtet:**

Forslag til møteplan vart godkjent med unntak av at møte 04.04 vart flytta til 11.04

Vedtaket var samrøystes

**Vedtak**

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2019:

Dato:
11.04.2019
09.05.2019
17.10.2019
05.12.2019

**PS 8/19 Referatsaker****Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 07.02.2019****Handsaming i møtet:**

Det kom ikkje fram noko spesielt under denne saka.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering

**PS 9/19 Eventuelt****Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 07.02.2019****Handsaming i møtet:**1, Psykisk utviklingshemma i kommunen

Kontrollutvalet ønskjer ein orientering frå rådmannen om antal psykisk utviklingshemma i kommunen og korleis disse er registrert og om kommunen mottek tilskudd frå staten, og kva slags tilbod/tilrettelegging dei har fått frå kommunen. Kontrollutvalet ønskjer og ei orientering om det er oppretta verge for dei.

2, Barnevern – samarbeidsprosjekt mellom Fitjar, Stord og Bømlo kommunar.

Kontrollutvalet ber om at sekretariatet undersøker nærare med dei to andre kontrollutvala om det er tid for ein ny gjennomgang/samarbeidsprosjekt.

### 3. Framlegg av B-saker

Kontrollutvalet lukka møte ved gjennomgang av desse sakene, med heimel i kommuneloven § 31, 3 ledd.

Vedtaket var samrøystes.

#### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem til neste møte og orienterar om Psykisk utviklingshemma i kommunen
2. Sekretariatet får i oppgåve og undersøke nærare med dei to andre kontrollutvala i Fitjar og Stord kommune om det er ønskje om ein ny gjennomgang/samarbeidsprosjekt.
3. Kontrollutvalet tek B-sakene til orientering